



Sakshandsamar:

Kenth Rune T. Måren

E-post: kenth.rune.maren@sfj.no

Tlf.: 41530971

Vår ref.

Sak nr.: 15/8055-8

Gje alltid opp vår ref. ved kontakt

Internt I.nr.

10778/16

Dykkar ref.

Notat

Dato

LEIKANGER, 29.03.2016

Til: Kontrollutvalet

Frå: Fylkesrådmannen

Forvaltningsrevisjon - Læringsmiljø og PP-tenesta

Oppfølging av vedtak

Kontrollutvalet gjorde i møte 01.10.15 , sak 43/15 slikt vedtak:

1. Rapport etter gjennomført forvaltningsrevisjon av læringsmiljøet i vidaregåande skule vert teken til etterretning
2. Fylkestinget ber fylkesrådmannen følge opp revisor sine tiltak i kapittel 7 i rapporten.
3. Fylkestinget ber fylkesrådmannen melde status på oppfølginga, og eventuell plan for vidare oppfølging, til kontrollutvalet innan 31. mars 2016.

I kapittel 7 i rapporten anbefaler revisjonen at Sogn og Fjordane fylkeskommune som skuleeigar sett i verk følgjande 5 tiltak:

1. Etablerer system som sikrar at alle vidaregåande skular i Sogn og Fjordane fylkeskommune driv eit kontinuerleg og systematisk arbeid etter oppl. § 9a-4, og har system og rutinar som oppfyller krav til internkontroll slik desse er presisert i rundskriv Udir-4-2014.
2. Etablerer system for å sikre at beste praksis og gode rutinar knytt til læringsmiljøarbeidet blir delt, og vurdere å i større grad etablere felles rutinar på området.
3. Sikrar at alle vidaregåande skular i Sogn og Fjordane fylkeskommune har skolemiljøutval der representantar for elevane er i fleirtal, jf. oppl. § 11a-5.
4. Vurderer i kva grad og eventuelt korleis elevane i enno større grad kan involverast i læringsmiljøarbeidet ved skulane.
5. Følger opp både skulane og PP-tenestene når det gjeld i kva grad og korleis PPT bistår skulane med systemretta arbeid, samt etablerer system for auka grad av erfaringsdeling når det gjeld PPT sitt systemretta arbeid.



Fylkesrådmannen si oppfølging av tilrådde tiltak.

1. *Etablerer system som sikrar at alle vidaregåande skular i Sogn og Fjordane fylkeskommune driv eit kontinuerleg og systematisk arbeid etter oppl. § 9a-4, og har system og rutinar som oppfyller krav til internkontroll slik desse er presisert i rundskriv Udir-4-2014.*

Med utgangspunkt i rundskriv Udir-4-2014 «Systemrettet arbeid etter opplæringsloven kapittel 9a» har fylkesrådmannen gått igjennom og revidert «kvalitets- og rutinehandbok for opplærings-sektoren». Handboka inneholder rutineskildringar for dei områda § 9a i opplæringslova omhandler. Kvalitets- og rutinehandboka ligg ute på Portalen/intranett, og er tilgjengeleg for alle tilsette. Handboka blir oppdatert fortløpende i samsvar med endringar i lov og forskrift.

Skulane har i tillegg utarbeidd eigne kriseplanar etter ein felles mal. Desse planane inneholder rutinar for handtering av uønskte hendingar.

Alle dei vidaregåande skulane har skolemiljøutval der elevane har fleirtal, jf. oppfølgingspunkt tre.

Skulane arbeider kontinuerleg med læringsmiljøet til elevane, m.a. gjennom opplegg kring psykisk helse, MOT, tobakksfrie skular, skulehelseteneste, open skule, miljøkoordinator og PPT.

Alle elevar på vg1 deltek i elevundersøkinga kvart år. Undersøkinga kartlegg m.a. tilhøve som går på elevane sitt læringsmiljø, trivsel, elevmedverknad, mobbing, støtte frå lærar og felles handtering av reglar. Resultata frå elevundersøkinga kan samanliknast med nasjonalt nivå, fylkesnivå og med andre skular, men det viktigaste er likevel å sjå utviklinga ved eigen skule over tid. Fylkes-direktøren set krav om at resultata ved kvar skule vert presenterte og følgde opp i samarbeid med elevar og tilsette. Elevundersøkinga er tema i dei årlege skulebesøka og i styringsdialogen mellom fylkessjef og rektor.

I handlingsprogram for vidaregående opplæring for perioden 2016-2017 (HO-sak 3/16) er eitt av tiltaka:

Styrka relasjonsbygging - Etablere arena for relasjonsbygging mellom elev-elev, lærer-elev, mellom anna gjennom følgjeforskning på elevane sitt psykososiale læringsmiljø.

Dette er eit tiltak som vil støtte opp om arbeidet med elevane sitt læringsmiljø.

Vidare har alle dei vidaregåande skulane miljøkoordinator som arbeider kontinuerleg med trivsel og læringsmiljø for elevane både i og utanom skuletida.

Sogn og Fjordane fylkeskommune er deltakar i eit forskningsprosjekt som er initiert av Kunnskapsdepartementet – «Drømmeskolen og nærværsteam». Prosjektet har som mål å styrke arbeidet med det psykososiale læringsmiljøet, gode overgangar og auka gjennomføring. Fire vidaregåande skular er med i prosjektet. Resultata vil ha stor overføringsverdi til dei andre skulane. Prosjektet har oppstart hausten 2018 og skal vare ut 2019.

2. *Etablerer system for å sikre at beste praksis og gode rutinar knytt til læringsmiljøarbeidet blir delt, og vurdere å i større grad etablere felles rutinar på området.*

Kvalitets- og rutinehandboka sikar at skulane nyttar felles malar og rutinar i arbeidet med lærings-miljøet. Det er oppretta eit eige fellesrom i læringsplattforma Fronter for deling av erfaringar og «beste praksis».

Prosjektet «Drømmeskolen og nærværsteam» vil ha systematisk oppfølging og følgjeforskning. Arbeidet og resultata i prosjektet vil bli gjort tilgjengeleg og i tillegg bli formidla til dei skulane som ikkje er direkte involvert i prosjektet på rektormøte og skuleleiarsamlingar.

Resultata frå elevundersøkinga er tilgjengeleg for alle skulane, og ein kan samanlikne seg med andre skular i og utanfor fylket, fylkessnittet og nasjonalt nivå.

3. Sikrar at alle vidaregåande skular i Sogn og Fjordane fylkeskommune har skulemiljøutval der representantar for elevane er i fleirtal, jf. oppl. § 11a-5.

Fylkesrådmannen har fulgt opp dette. Allereie før forvaltningsrevisjonen var ferdig med sitt arbeid var det sikra at alle dei vidaregåande skulane har skulemiljøutval der elevrepresentantane er i fleirtal.

4. Vurderer i kva grad og eventuelt korleis elevane i enno større grad kan involverast i læringsmiljøarbeidet ved skulane.

Det er viktig at elevane engasjerer seg i saker i skulemiljøutvalet og at elevrådet arbeider systematisk og godt. Ein føresetnad for dette er at elevar i desse organa får god opplæring, men det er også viktig med gode prosessar når elevane skal velje sin representantar til elevråd og skulemiljøutval.

Alle skulane har kontaktperson for elevrådet, og miljøkoordinator deltek ofte i skolering og samarbeid med elevrådet.

Å styrke arbeidet med klasseleiing vil vera viktig får å involvere elevane meir i læringsmiljøarbeidet. Oppfølging av resultata av elevundersøkinga heilt ned på klassenivå er nødvendig for bevisstgjeringa av elevane sine rolle og ansvar for eige læringsmiljø, og deira deltaking i å utvikle eit godt læringsmiljø.

Fylkesrådmannen føl opp korleis PPT kan nyttast meir aktivt i arbeidet med å skape godt læringsmiljø for alle (det systemretta arbeidet til PPT – jf. pkt. 5).

5. Følgjer opp både skulane og PP-tenestene når det gjeld i kva grad og korleis PPT bistår skulane med systemretta arbeid, samt etablerer system for auka grad av erfaringsdeling når det gjeld PPT sitt systemretta arbeid.

Det systemretta arbeidet er ein del av avtalane fylkeskommunen har med den enkelte PP tenesta. I fylkesrådmannen sine styrings- og dialogmøte med PP-tenesta er systemretta arbeid tema. Like eins i møte med rektorane og på skulebesøka.

PPT har sjølv stor merksemd kring det systemretta arbeidet, men skulane kan i større grad etterspørje denne kompetansen frå PPT.

I kompetanseplanen for vidaregåande opplæring (2016-17) er etter- og vidareutdanning for tilsette i PPT omtala slik:

Formålet med Strategi for etter- og vidareutdanning i PPT (SEVU-PPT, 2013-2018), er å styrke dei tilsette sin kompetanse, og å bidra til å auke merksemda på systemretta arbeid i PPT.

Fylkeskommunen samarbeider med Fylkesmannen, Statped og kommunane i den vidare utviklinga av PP-tenesta. God rekruttering og gode rammevilkår for kompetanseutvikling er viktige suksessfaktorar her.

Område som skal prioriterast i perioden:

- *Organisasjonsutvikling/endringsarbeid*
- *Læringsmiljø og gruppeleiing*
- *Rettleiing og rådgjeving*
- *Leiarutdanning*

Studietilboda har eit omfang på 30 studiepoeng og går over to semester. Tilboda er stort sett nettbaserte, med 2-3 samlingar per semester. Studia skal vere praksisnære og imøtekome behovet for fleksible løysingar for kompetanseutvikling.

Målgruppa er tilsette som arbeider i kommunal eller fylkeskommunal PPT.

Arbeidet med å styrke den tilpassa opplæringa og å få ned talet på enkeltvedtak om spesialundervisning, gjer at merksemda kring det systemretta arbeidet aukar både frå skulane si side og i PPT.